



## ■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2015/2932

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 2.6.2015	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen		Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	X
Tone Nord		Are Kristofer Hjeltnes	

Andre:  
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter  
Rådgivar Therese Løvslett, Stamina Helse

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	27.10.2015

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

### Saksliste

12/2015	<p><b>Sjukefråversutvikling 1. kvartal 2015</b> Fråverstala for 1. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret ligg godt over snittet for same kvartal dei 3 føregåande åra. Det er store distriktsvise variasjonar i sjukefråveret.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2015 til orientering.</p>
13/2015	<p><b>Nytt introduksjonsprogram - status</b> Morten Larsen orienterte. Introduksjonsprogrammet er primært eit leiarverktøy som tar for seg ulike fasar i introduksjonsprosessen, frå før oppstart og i løpet av det første året i jobben. Oppfølging i prøvetida på 6 månader er integrert i programmet. Den viktigaste introduksjonen skjer på klinikken, og hovudansvaret for den daglege introduksjonen ligg hos næraste leiar. For å sette leiarane betre i stand til å motta nyttilsette på ein god måte inneheld programmet skjemaverktøy og samtalemål. Utkast pr. 30.4.2015 vart presentert. Det var ingen innspel til endringar. Endeleg program blir lagt ut i juli.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om status i arbeidet med nytt introduksjonsprogram til orientering.</p>
14/2015	<p><b>Orientering - elektronisk verktøy for risikovurdering (eigen modul i RiskManager)</b> Seniorrådgivar Martin Hauge orienterte. Vi har tidlegare nytta rekneark til risikovurderingar innan HMS og informasjonstryggleik. No tek vi i bruk eit litt</p>

	<p>meir funksjonsrikt verktøy for risikovurdering. Fordelen er at vi kan gjere risikovurderingane meir standardisert for heile organisasjonen. Tiltaka går inn i den same tiltaksrapporten som vi kjenner frå avvikssystemet, dermed får ein automatisk generert utkast til HMS-handlingsplanar.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjon om risikovurdering i RiskManager til orientering.</p>
15/2015	<p><b>Orientering - rutinar for rapportering og oppfølging av uønska hendingar og avvik</b> Martin Hauge orienterte. Som ledd i forbetningsarbeidet innan HMS, er det etablert rutiner og system for melding, registrering og oppfølging av avvik eller uønska hendingar. Leiarane på alle nivå har ansvar for at avvikhandteringa bidreg til endrings- og forbetningsarbeid. Det er laga ny HMS-retningslinje for registrering og oppfølging av avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette har ansvar for at avvik og uønska hendingar blir registrert i det elektroniske Forbetnings- og avvikssystemet.</li> <li>• Alle tilsette i organisasjonen skal ha tilgang til det elektroniske Forbetnings- og avvikssystemet.</li> <li>• HMS-avvik som blir avdekke under vernerundar eller i risikovurderingar skal registrerast i forbetnings- og avvikssystemet.</li> <li>• Alle medarbeidare skal informerast om avvikshandteringa i systemet (registrering, behandling og informasjon som systemet leverer).</li> <li>• Næraste leiar har ansvar for at medarbeidarane blir informert.</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rutinar for rapportering og oppfølging av uønska hendingar og avvik til orientering.</p>
16/2015	<p><b>Orientering - avviksstatistikk for tannhelsesektoren</b> Martin Hauge orienterte. Så langt i år er det meldt 12 HMS-avvik, 6 innkjøpsavvik og 2 informasjonssikkerheitsavvik i Risk Manager.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om avviksstatistikken i sektoren til orientering.</p>
17/2015	<p><b>Orientering - rekrutteringssituasjonen per juni 2015</b> Morten Larsen orienterte. Så langt i år er 16 tannlegestillingar (halvparten vikariat) utlyst. Dei fleste vikariata er knytt til fødselspermisjonar. Ressurskrevjande å kvalifikasjonsvurdere og tilsette i dette omfanget. Svært få kvalifiserte søkarar til 5 utlyste tannpleiarstillingar.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
18/2015	<p><b>Orientering - MTM-prosessen 2015</b> Rådgivar Richard Muller orienterte. Innhaldet i MTM-undersøkinga i år er noko endra i høve til tidlegare år. Undersøkinga er meir tilpassa eit moderne arbeidsliv, og med utgangspunkt i nyaste forskning er nokre element i spørjebatteriet r teke ut og nokre nye er lagt til. Gjennomføringa blir gjort i perioden 17 sept – 2. oktober. 5. november blir opplæringsdagen for oppfølging av kartlegginga for einingsleiarar og hovudverneombod.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om MTM 2015 til orientering.</p>

19/2015	<p><b>Orientering - Tilsyn frå Arbeidstilsynet DTK Brattvåg og mellombels stenging</b></p> <p>Morten Larsen orienterte. Jf. SAMUT-sak 9/15. Det er fylkestannlegens vurdering at klinikken må gjennomgå ei omfattande oppgradering dersom fortsatt drift i lokale skal være aktuelt. Risikovurderinga gir grunnlag for å iverksette umiddelbare tiltak av omsyn til arbeidstakarane si helse, og det er følgeleg beslutta at drifta ved klinikken opphøyrer mellombels frå 15. april, og inntil huseigar har sytt for rehabilitering/utskifting av ventilasjonsanlegget.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen mellombels stenging av DTK Brattvåg til orientering.</p>
20/2015	<p><b>Orientering - klinikkutbetringar og funksjonsprogram</b></p> <p>Rådgivar Claus Reiners orienterte om status for følgjande prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• DTK Hareid - røntgenutstyr/ bygningsmessige tiltak</li> <li>• DTK Haram - funksjonsprogram for eventuell ny klinikk</li> <li>• DTK Elnesvågen - status ny klinikk og innflytting</li> <li>• DTK Fiskåbygd - rehabilitering /planløsning</li> <li>• DTK Åndalsnes - funksjonsprogram</li> <li>• DTK Smøla - status ventilasjon</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om klinikkutbetringar og funksjonsprogram til orientering.</p>